

Handlingsplan og Eldrerådet sine oppgårer 2024:

Eldrerådet ønskjer at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom:

- At eldre får fleire gode leveår der dei beheld god helse og livskvalitet, meistrar eige liv og får hjelp når dei har trøng for det.
- Pårørande som ikkje vert utslitne, og som kan ha ein jamn innsats for sine næraryste.
- Tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får nytta kompetansen sin, og får gjort ein fagleg god jobb.

Målgruppa er eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Dette er ei målgruppe med ulike forutsetningar og store variasjonar i behov og ønskjer.

Mange av dagens og morgondagens eldre har aktive liv med god helse og livskvalitet, og deltek aktivt i lokalsamfunnet. Det betyr at vi må ha ordningar og tenester som er godt tilpassa og berekraftige.

Eldrerådet vil i 2024 arbeide med følgjande tema:

Planarbeid	<ul style="list-style-type: none">- Involvere oss og gje uttale til alle nye planar/revidering av innhald som gjeld eldre sine vilkår.- Samarbeide med Levekårsutvalet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.- Følgje opp kommunedelplan omsorg, helse og sosial og bruke både den og handlingsplanen.- Nutte brukarundersøkingar for kartlegging av ernæringsbehov.
Pårørandeutval	<ul style="list-style-type: none">- Arbeide for å etablera eit felles pårørandeutval for alle institusjonane i kommunen.
Velferdsteknologi	<ul style="list-style-type: none">- Arbeida for at eldre får tilgang til dagens teknologiske hjelpemidler.- Arbeida med tiltak som reduserer einsemd og digital utanforskap blant eldre.- Informera om tilbod i kommunen.
Kvardagsrehabilitering	<ul style="list-style-type: none">- Ordninga bør omfatta heile kommunen.
Førebyggjande heimebesøk	<ul style="list-style-type: none">- Følgje opp og støtte.- Eldrerådet er referansegruppe her.
Frivillighet	<ul style="list-style-type: none">- Samarbeide med Frivilligentralen.- Arbeida for at kommunen kan koordinera fleire frivillige til arbeid i omsorg, pleie og helse via ein samfunnskontakt.- Utvikla system for kvalitetssikring av frivillige.- Følgje opp vedtaket i kommunestyret om frivilligkoordinator.- Prioritera fysisk aktivitet og eit aktivt sosialt liv for alle.- Skape gode forhold til nære relasjonar, gje tilbod om varierte og tilpassa aktivitetar, førebyggja og hindra einsemd.
Tannbehandling	<ul style="list-style-type: none">- Støtte arbeidet med å få fylkestannlegen til å etablira seg på Rosendalstunet.
Mat og måltid	<ul style="list-style-type: none">- Fremje større matglede: gjere måltid til høgdepunkt i kvardagen og sikre god og systematisk ernæringsarbeid med gode kokkar.

	<ul style="list-style-type: none"> - Følgja opp kommunestyrevedtak frå 18.02.21 og auka matkompetanse på avdelingane. - Arbeide for at heimebuande eldre kan få kjøpa ferdig middag.
Samanhengjande teneste	<ul style="list-style-type: none"> - Auka tryggleik gjennom pasientforløp, i overgangar og færre tilsette å halda seg til. - Større samanheng i tenestetilbod både for eldre og pårørande. - Overgangar mellom heim, institusjon og sjukehus. Gjera tenesta heilskapleg og trygg. - Følgje opp saker med Pasientreiser.
Økonomi	<ul style="list-style-type: none"> - Fokus på søknad om og bruk av statlege søknadsmidlar.
Aldersvennleg samfunn	<ul style="list-style-type: none"> - Fokus på kva dei eldre ønskjer som for betring i bygdene. - Samarbeid med frivillige.
Deltaking	<ul style="list-style-type: none"> - Delta på regionale og sentrale møter og konferansar.
Demens	<ul style="list-style-type: none"> - Eit demensvennleg samfunn med plan og dagtilbod til demente, og støtte til pårørande. - Utvikle kurs/sertifisering av frivillige.
Involvering	<ul style="list-style-type: none"> - Besøk på alle institusjonane. - Vitja frivillige lag.